



Fotograf og filmskapar Aleksander Rebaudo vert tildelt Kvinnherad kulturstipend 2019 av Vivi Tranøy Loftheim i stipendnemnda.

Aleksander Rebaudo fekk i kveld overlevert Kvinnherad kulturstipend på kr. 50.000,- Aleksander takka for tildelinga og fortalde at midlane skal brukast til innkjøp av nytt filmutstyr .Han driv i dag sitt eige fima med namnet litenFilm.no og har alt produsert reklamefilmar, mellom anna for Telenor. Aleksander Rebaudo står for nyskaping og kreativitet og han vil at oppveksten og heimstaden Uskedalen skal vera eit grunnlag for vidare utvikling.

Vivi Tranøy Loftheim frå stipendnemnda med Sparebank 1 SR Bank, SKL, Sparebanken Vest og Kvinnherad kommune sa fram helsing og overleverte prisvinnaren diplom. Aleksander har gått gradene innan film frå produksjonsassistent, statist til sjølvstending filmskapar.

Aleksander Rebaudo fortel til Uskedalen.no at skal du lukkast innan film, må du skapa deg eit namn. Starten er reklamefilm og eit 100 % godt nettverk. Så kjem kortfilm, festivalfilming og til slutt langfilm som eit større prosjekt. Alt no driv Aleksander på med film på heiltid.

Etter skuletida si i Kvinnherad var han vernepliktig soldat i Brigade Nord, flytta til Oslo for å studera statsvitenskap på universitetet. Så vart det film og foto i DNB sin kommunikasjonsavdeling og reklamefilming for TV, mellom anna for VG og Dagbladet.

Det siste prosjektet er reklamefilmen Norske bunader med ein restaurert gard på Hamar som lokasjon. Glimt frå Uskedalen vart brukt i reklamefilmen for Telenor. Eit anna prosjekt er det som vert kalla Transaksjonsdagen, for eit større nasjonalt advokatfima.

Filmskapar Aleksander Rebaudo er open for å tenkja kreativt om korleis ein kan profilera Uskedalen ut i verda. Mindre klikkvenlege filmsnuttar på sosiale medier er vegen å gå. Han tek gjerne turen til Uskedalen for eit møte i Uskedal Utvikling.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal